

Regionalpolitiske effekter av arbeidsmarknadstiltak.

Notat utarbeida til Effektutvalet.

Kjell G. Salvanes

Institutt for samfunnsøkonomi

Norges Handelshøyskole

30. juni 2003

1. Innleiing.

For å studera effektar av regionalpolitiske tiltak og arbeidsmarknadstiltak på regionale ledighetsrater, må ein ta utgangspunkt i kva type mekanismer som ein tenkjer seg utjevning av regionale forskjellar verkar gjennom eller korleis regionale forskjellar i ledighetsrater oppstår. Dermed kan ein også analysere korleis arbeidsmarknadspolitik og regionalpolitikk kan verka gjennom desse mekanismene. Dette notatet vil gjera eit forsøk på å beskriva mekanismene og samanhengen med spesielt arbeidsmarknadspolitik som eit regionalpolitisk verkemiddel, samt å dokumentera dei utifrå foreleggane talmateriale og forskning.

Vårt utgangspunkt er at regionale forskjellar målt t.d. gjennom arbeidsledighet har vore konstant gjennom dei siste ti-åra i Norge; Nord-Norge og særleg Finnmark hadde høg ledighet i 1960 og har det også i dag, medan Akershus og Sogn og Fjordane representerer det motsette ved å ha relativ låg ledighet i heile perioden. Dette mønsteret med konstante regionale forskjellar i arbeidsmarknaden har Norge til felles med dei fleste andre Europeiske landa, medan i USA finn ein heller at dei regionale forskjellane i t.d. ledighetsrater endrar seg over tid; statar med høg ledighet i ein periode hadde låg ledighet i ein annan periode (Blanchard og Katz, 1992; Fredriksson, 1999, OECD, 1989, Bertola og Ichino, 1995). Spørsmålet er kva som ligg bak dette nokså faste mønsteret av regionale forskjellar? Meir presist: Ved regionale arbeidskraftssjokk, korleis tilpassar dei regionale arbeidsmarknadene seg. Fekk ein reduksjon i lønene? Etablerer nye bedrifter seg slik at nye arbeidsplassar vart etablerte i områder med låge løner? Eller aukar mobiliteten av arbeidskraft for å gjenoppretta jamvekta i arbeidsmarknaden? Eventuelt


kva kan årsakene vera til at ein ikkje får ei ny tilpassing med meir utjamning av ledigheten mellom regionar?

For Norge – og andre nordiske land – er det eit par element i denne tilpassingsprosessen som er forskjellig frå dei fleste andre land. Bruk av arbeidsmarknadstiltak som opplæringsprogram er kraftig korrelert regionalt, arbeidsgivaravgifta det same og det faktum at regionale arbeidsmarkandskontorer eksisterer i alle regionar, er venta å påverka tilpassingsprosessen ved eit regionalt sjokk i arbeidsmarknaden. Eit anna særtrekk for Norge er sjølvstyrede sentrale lønsforhandlingar som ein skulle venta skulle redusere effekten av løner som tilpassingsmekanisme sidan dei forhandla lønene stort sett er dei same for heile landet.

I dette notatet vil vi prøva å etablera nokre stiliserte fakta om regionale arbeidsmarknader i Norge; korleis er samanhengen mellom regionale ledighetsrater over tid? Andre relevante særtrekk ved norsk økonomi vil også bli presentert. Vidare vil vi utifrå ei teoretisk rammeverk analysere kva mekanismer som kan forklare denne stabiliteten i forskjellar mellom regionale arbeidsmarknader. Effekten av arbeidsmarknadsprogram vil bli tatt spesielt opp. Deretter vil vi ta fram kva vi veit om dei moglege mekanismene for Norge. Gjennomgangen vil bestå i å presentere eit analyseoppsett for denne problemstillinga samt å kopla saman ein del forskingsresultat frå tidlegare arbeid.

2. Regionale ledighetsrater og regional dimensjon i bruk av retta arbeidsmarknadstiltak

I løpet av dei siste 40 åra har det vore høg grad av stabiliteten i fordelinga av godene t.d. i form av arbeidsledighet mellom regionane. For å illustrera dette har vi nytta data frå Arbeidskraftundersøkinga for open arbeidsledighet i ulike perioder, og analysert samanhengen over tid.




Figur 1. Samanhengen mellom arbeidsledighet i norske fylke på 60- og 90-talet.

Note: Regresjonslina er $\text{gjennomsnittleg ledighet}_{1994-96} = 4.14 (11.44) + 0.55 (2.09) \text{gjennomsnittleg ledighet}_{1964-66}$. $R^2 = 0.21$.

Som det framgår av Figur 1, er det stor grad av persistens i fylkesvise ledighetsrater mellom 60-talet og 90-talet målt ved gjennomsnitta i 1964-66 og 1994-96. Dersom det var fullstendig samsvar mellom fylka med høg og låg ledighet i dei to periodane, ville vi hatt ei rett line med 45 graders vinkel eller ei helning på 1. Det er det tross alt ikkje, men vi ser at dei ekstreme variantane av fylker med høg og låg ledighet held seg svært stabilt. På den nedre delen av fordelinga finn vi Sogn og Fjordane og Akershus, medan Finnmark


ligg over regresjonslina og høgt i begge åra. Nå må ein må ein merka seg at Finnmark og antakeleg Nordland er forskjellig frå dei andre fylka sidan mykje næringsverksemd er sesongarbeid slik at det vil skjula seg eit sterkt innslag av sesonledighet for desse fylka.

For å sikra oss at desse to periodane gir tilfeldige variasjonar, har vi estimert dei samanhengane over dei mellomliggande ti-åra og presentert resultatane i figurane 2 og 3.



Figur 2. Samanhengen mellom arbeidsledighet i norske fylke på 70- og 90-talet.

Note: Regresjonslina er $\text{gjennomsnittleg ledighet}_{1994-96} = 3.95 (11.25) + 0.65 (2.76) \text{gjennomsnittleg ledighet}_{1974-76}$. $R^2 = 0.27$.




Figur 3. Samanhengen mellom arbeidsledighet i norske fylke på 80- og 90-talet.

Note: Regresjonslina er $\text{gjennomsnittleg ledighet}_{1994-96} = 3.26 (6.25) + 0.55 (3.10) \text{gjennomsnittleg ledighet}_{1984-86}$. $R^2 = 0.33$.

Vi ser nokre endringar mellom fylka, men i det store og heile er det høg grad av stabilitet; Nord-Norge har høg ledighet, medan Midt-Norge og Sør-Norge har liten i gjennomsnitt. Østfold og Nord-Trøndelag har hatt ei klar negativ utvikling over tid, det same kan ein nok seia også Aust-Agder.


I Norge er regionalpolitikken sentral for å sikra busetjing over heile landet samt å sikra nærings- og arbeidsliv i heile landet. Arbeidsmarknadstiltak har ikkje direkte regionalpolitisk oppgåve, men som vi skal sjå er tiltaka sterkt knytta til ledighet i regionar. Arbeidsmarknadstiltak har såleis både ein variasjon over konjunktursyklusen ved at dei aggregerte tiltaka er kraftig motsykliske, og ein regional dimensjon ved at regionar med høg open arbeidsledighet også har hatt større innslag av tiltak. Det siste

poenget er illustrert i figurane 4 og 5 som viser sammenhengen mellom tiltaksratene og fylkesvise ledighetsrater i midten på 80-talet og 90-talet.



Figur 4. Sammenhengen mellom retta arbeidsmarknadstiltak og arbeidsledighet i norske fylke på 80-talet.

Note: Regresjonslina er $Tiltaksrate_{85} = -5.0 (-2.38) + 0.68 (9.34)$ gjennomsnittleg ledighet₁₉₈₄₋₈₆. $R^2 = 0.84$. Tiltaksrate er antall personar på arbeidsmarknadstiltak delt på arbeidsstyrken i fylka. Datakilde: Arbeidsdirektoratet Statistisk Sentralbyrå.



Figur 5. Samanhengen mellom retta arbeidsmarknadstiltak og arbeidsledighet i norske fylke på 90-talet.

Note: Regresjonslina er $Tiltaksrate_{95} = -0.77 (-0.32) + 0.47 (9.28) \text{ gjennomsnittleg ledighet}_{1994-96}$. $R^2 = 0.88$. Tiltaksrate er antall personar på arbeidsmarknadstiltak delt på arbeidsstyrken i fylka. Datakilde: Arbeidsdirektoratet og Statistisk Sentralbyrå.

Av Figur 4 og Figur 5 ser vi klart at arbeidsmarknadstiltaka er retta inn mot regionar som har høg ledighet. Vi ser at fylker som har høg ledighet også har prosentvis mange i arbeidsstyrken på tiltak. Fylker i nord og delvis i Midt-Norge samt Aust-Agder, Telemark og Østfold ligg langt over landsgjennomsnittet, og at Akershus og Sogn og Fjordane har ein liten del av arbeidsstyrken på tiltak. Det er også interessant at dette er stor grad av stabiliteten mellom desse periodane som delvis representerer ein høgkonjunktur (1984-86) og utgangen av ein konjunkturedgang (1994-96).

Utifrå kva vi har etablert så langt er det klart at Norge er nokså lik Sverige og dei fleste andre Europeiske land at det er stabile forskjellar mellom ledighetsratene over tid. Samstundes er det også godtgjort at arbeidsmarknadstiltak har vore brukt aktivt i regionalpolitikken og retta inn mot fylker med relativt høg ledighet. Dette er berre korrelasjonar slik at vi ikkje kan trekka noko konklusjon om at tiltaka ikkje har hatt verknad med reduksjon av ledigheten mellom regionar. Likevel er det ein indikasjon i utifrå samanhengane vi har vist at det er lite endring i fordelinga av byrdene med ledighet over dei siste fire ti-åra.

For å hevde noko om at tiltak eventuelt ikkje har verka må vi tolka resultatane innanføre ein modell og sjå på kva mekanismer som ein skulle venta kunne fordele ledigheten regionalt. Det er det vi gjer i neste avsnitt for deretter å analysere dei mekanismene som verkar til utjamninga utifrå den foreliggende litteraturen i Norge.

3. Økonomiske mekanismer som kan forklåra regional utvikling

Vi tek utgangspunkt i eit modellrameverk utvikla av Blanchard og Katz (1992) og seinare bearbeida for svenske tilhøve av Peter Fredriksson (1999), for å forklåra dynamikken i regionale arbeidsmarknader i USA og Europa. Vi gjer her berre ein kort presentasjon av tankegangen for å ha eit utgangspunkt for å leita etter mekanismer som ein skal venta er i sving mellom ulike regionar når ein av dei får eit negativt sjokk. Spørsmålet er gjennom kva for mekanismer verkar tilpassinga mellom regionar? I tillegg er det viktig å få fram korleis ulike offentleg tiltak som arbeidsmarknadstiltak som vi har vist har ei regionalpolitisk rolle, og andre regionalpolitiske tiltak har. Utifrå eit modelloppsett blir det dermed også klart kva mekanismer ein skal leita etter og for Norge då kvifor ikkje

desse mekanismene er i sving sidan vi har vist at det har ikkje skjedd ei fordeling eller tilpassingar over tid av byrdene med ledighet mellom norske regionale arbeidsmarknader.

Modellen til Blanchard og Katz (1992) tek kort fortalt sitt utgangspunkt i at 1) i eit kvart tidspunkt produserer regionar ulike produkt som dei sel på det nasjonale markedet og 2) bedrifter og arbeidarar er mobile mellom regionar. Bedrifter flytter til regionar som har løner under landsgjennomsnittet, og arbeidarar flytter så lenge relative løner og relative ledighetsrater avvik frå normalen. Ein antar vidare at teknologiske sjokk og relative prissjokk produserer region-spesifikke sjokk for arbeidskraftsetterspørselen. Desse sjokka påverkar igjen løner og ledighetsrater regionalt.

Arbeidsmarknadstiltak tenker ein seg primært har ein negativ effekt sidan ein reduserer tendensen til å migrera ut av eit område med låg ledighet. Med andre ord verka eit slikt tiltak som ein innlukkingseffekt. Dette er fordi ein reduserer velferstupet ved å vera utan jobb. Spørsmålet er om arbeidsmarknadstiltak også har ein effekt på lønssetting, og i tilfelle i kva retning den effekten går. I ein forhandlingsmodell får ein det resultatet at arbeidsmarknadstiltak fører til eit press oppover på løna sidan alternativet har gått opp. Men dersom den viktigaste effekten av arbeidsmarknadsprogrammet er å halda tilbodet av arbeidskrafta oppe, med andre ord redusera tilbaketrekkinga frå arbeidsmarknaden, fører dette til at det er eit lønepress nedover som skulle føra meir mobilitet. Kva for ein av desse effektane er styrst er sjølvsagt eit empirisk spørsmål.

Oppsummeringsvis kan vi altså peika på at det regionale flyttemønsteret av arbeidskraft er viktig for å forstå kor rask tilpassinga skjer mellom regionale arbeidsmarknader. Er det lite eller mykje flytting for å få jobb i Norge, eller er det stor grad av stabilitet? Regionale lønsforskjeller og kor sensitive lønsendingar er med omsyn

til regionale ledighetsrater er også viktig. Går lønene ned når ledigheten aukar, eller er dei lite sensitive? Er det regionale forskjellar mellom lønsnivå? Korleis verkar den solidariske lønspolitikken? Ikkje minst er den regionale fordelinga av arbeidsplassar viktig. Flytter bedrifter mellom regionar? Oppstår arbeidsplassar der lønene er låge? Korleis er det med nyetableringa av bedrifter regionalt? Noko av desse forholda eksisterer det grundig dokumentasjon på, medan andre omtrent er uberørte av norske forskarar. I det vidare skal vi prøva å dokumentera og diskutera nokre av desse mekanismane.

4. Kva veit vi om dei ulike mekanismane i Norge?

4.1 Lønn

I Barth (2003) er det godt gjort at det er ein viss grad av regionale lønsforskjellar i Norge. Følsomheten for lønene regionalt for endring i open arbeidsledighet har det vore forska intensivt på dei siste 15 åra. Hovedresultatet er klart og går igjen i alle studier: Det er nesten ingen effekt på lønene av regionale forskjellar i ledighetsratene (Johansen, 1995, 2002). Med andre ord ser ei av dei viktigaste mekanismane som skulle verka til å utjamna mellom regionane slik at ein fekk ei jamvekt for heile landet med låg ledighet, til å vera sett ut av spel. Den lokale lønsdanning ser dermed ut til å ha liten effekt.

4.2 Flyttemønster


Ei av dei andre mekanismane som kunne verka utjamnande var flytting av arbeidskraft frå regionar med høg ledighet og til regionar med låg ledighet. Er dette ein viktig

mekanisme i Norge? Det norske samfunnet er svært mobilt også regionalt og er det landet i Europa som ligg på flyttetoppen saman med t.d. Sverige, men rett etter Danmark (Rees, Østbye og Kupiszewski, 1999). Dette mønsteret gjeld både flytting mellom kommunar og mellom fylker. Det er kanskje greitt å forstå at det er slik sidan ein i stor grad er nødt til å flytte kommune dersom ein skal skifte jobb. Eit anna spørsmål er kor viktig flytting mellom regionar er som ei mekanisme mellom fylker eller regionar med høg ledighet til fylker med låg ledighet. Med andre ord er det flytting av personar i jobb i ein region til ein ledig stilling i ein annan region eller er det ledige i ein region som flytter til ein stilling i ein region med liten ledighet? Dette er det sentrale spørsmålet for oss i dette notatet. Nå er det noko, men ikkje svært mykje forskning i Norge nettopp på dette punktet. Generelt sett veit vi at arbeidsmarknadsstrømmer primært går mellom bedrifter internt i ei næring og innan regioner (Salvanes og Førre, 2003). Vidare er det primært overgangar mellom bedrifter som går direkte frå ein jobb til ein annan utanom å gå via ledighet (Huttunen, Møen og Salvanes, 2003). Stambøl (2000) har studert i meir detalj flyttestrømmer både av personar i jobb og ledige mellom regionar i noko detalj. Han finn at det er ei slik mekanisme – dvs at både ledige og personar utanføre arbeidsstyrken flytter til regionar med vakanser – men at denne mobiliteten ikkje er særleg stor som andel av dei som flytter. Nå må ein nok inn å studera dette grundigare skal ein finna sikre tal for dette; ein må studera dette over konjunktursyklusen, for ulike typar arbeidskraft etc. Men alt i alt er konklusjonen at den regionale mobilitetn i Norge ikkje står tilbake for andre Europeiske land, men at lite av dette gjeld ledige personar som får arbeid i andre regionar. Det er primært jobb til jobb flytting mellom regionar.

4.3 Samanhengen mellom etablering av arbeidsplassar og regionale arbeidsmarknader

Vi vil i dette avsnittet analysere om det er samheng mellom etablering og nedlegging av arbeidsplassar og regionale ledighetsrater. Vi nyttar her berre data for tenesteyting som gjennomsnittlege rater for 1980-talet som dømer på samhengane og sidan det er det ein allereie har gjort analyser av. Vi har gjort ei lita analyse på industrien også der vi delte inn ikkje i fylker, men i fire regionar (Salvanes og Tveterås, 1995). Resultata frå den analysen støttar i stor grad resultata vi presenter nedanfor for tenesteyting.

I teorien skulle det vera ein samheng mellom sjokka i arbeidsmarknaden og ulike regionar ved at eit negativt sjokk skulle føra til nyetablering av arbeidsplassar etter ei stund dersom lønene er fleksible nedover. I figur 6 presenterer vi samhengene mellom netto det totale antal arbeidsplassar som vart etablert i norske fylker på 80 talet og ledighetsratene i fylkene i same periode.




Figur 6. Samanhengen mellom netto jobbskaping i tenesteyting og arbeidsledighet i norske fylke på 80-talet.

Note: Regresjonslina er Netto jobbskaping tenesteyting = 2.02 (0.58) -0.097 (-0.49) gjennomsnittleg ledighet 1984-86. $R^2 = 0.01$. Datakilde: Kvitastein og Salvanes, 1996.


Vi ser av figuren at det i netto blir skapt litt mindre arbeidsplassar i dei fylka som hadde stor ledighet. Imidlertid er denne samanhengen ikkje signifikant ulik null slik det framgår av regresjonslina som er gjengitt over. Med andre ord er det ingen følsomhet mellom netto jobbskaping og regionale arbeidsledighetsrater. Ledigheten fører med andre ord ikkje med seg noko spesiell endringar i netto skapinga av arbeidsplassar i alle fall for tenesteyting.

Nå kan det sjølvsagt ligga stor aktivitet bak netto tala slik at vi i figurane 7 og 8 presenterer brutto jobbskapingratene og brutto jobbnedleggingsratene for same perioden.



Figur 7. Samanhengen mellom brutto jobbreduksjon i tenesteyting og arbeidsledighet i norske fylker på 80-talet.

Note: Regresjonslina er $\text{Brutto jobbreduksjon tenesteyting} = 10.8 (0.55) + 0.12 (0.68)$ gjennomsnittleg ledighet 1984-86. $R^2 = 0.02$. Datakilde: Kvitastein og Salvanes, 1996.




Figur 8. Samanhengen mellom brutto jobbskaping i tenesteyting og arbeidsledighet i norske fylker på 80-talet.

Note: Regresjonslina er $\text{Brutto jobbskaping tenesteyting} = 12.8 (15.38) + 0.03 (0.11)$ gjennomsnittleg ledighet 1984-86. $R^2 = 0.0007$. Datakilde: Kvitastein og Salvanes, 1996.

Som det framgår av desse figurane er det ingen følsomhet for brutto tilgang og avheng av arbeidsplassar heller. Det ser ut til å vera liten reallokering av arbeidsplassar regionalt eller i alle fall regionalt knytta til endring i dei lokale arbeidsmarknadene. Vi ser spesielt på følsomheten til nyetablering av bedrifter i Figur 9 som den delen av brutto

jobbskaping som er knytta direkte til nyetablering av bedrifter. Igjen merkar vi oss at det er ingen samanheng.



Figur 8. Samanhengen mellom brutto jobbskaping i tenesteyting og arbeidsledighet i norske fylker på 80-talet.

Note: Regresjonslina er Nyetableringar tenesteyting = 4.86 (13.47) + 0.079 (0.64) gjennomsnittleg ledighet1984-86. $R^2 = 0.02$. Datakilde: Kvitastein og Salvanes, 1996.

Alt i alt har denne oversikta som ser på samanhengen mellom regional reallokering av arbeidsplassar og regionale arbeidsmarknader vist at det ser ut til å vera liten følsomheten mellom desse storleikane. Vi veit at det er samanhengen mellom auka konkurranse frå utlandet og nedlegging av areidsplassar generelt i Norge, men berre for arbeidsplassar som krev lågkvalifisert arbeidsplassar (Salvanes og Førre, 2003). Med

andre ord kan det skjula seg varisjonar også regionalt når ein ser meir disaggregert på type arbeidsplassar. Vidare har vi her berre presentert tal for tenesteyting, og vi har i grunnen gjort lite ut av dynamikken eller tidssamanhengane, og berre tatt gjennomsnitt. Ei grundigare studie ville krevd at ein gjorde denne typen analyse meir detaljert for å sikra at ein ikkje oversåg moglege samahengar som blir borte med den relativt aggregerte analysen vi har gjort basert på foreliggende materiale som her.

4.4. Regionale effektar av arbeidsmarknadstiltak

Som vi viste i teorikapitlet kunne arbeidsmarknadstiltak ha både ein positiv og ein negative effekt på utjamning av regional ledighet. Det er i grunnen lite studier av desse effektane verken i Norge eller andre land. Edin et al. (1994) i ein studie av svensk økonomi fann ingen støtte for at arbeidsmarknadstiltak hadde ein negativ effekt på migrasjon som utjammingsmekanisme og heller ikkje Fredriksson (1999) fann at arbeidsmarknadstiltak hadde nokon negativ effekt, men heller ikkje nokon viktig positiv effekt på regional ledighet. Johansen (2000) finn imidlertid ein relativt sterk negativ effekt av arbeidsmarknadsprogram på regional lønstilpassing mellom norske fylker. Alt i alt er det gjort lite arbeid av effekten av arbeidsmarknadstiltak på regional tilpassing og resultata er litt sprikande. Nå er det også viktig å påpeika at resultata avheng noko av datamaterialet ein nyttar, korleis ein spesifiserer modellane samt i nokon grad av kva in meiner med arbeidsmarknadstiltak. Alt i alt er det rimeleg å trekka den konklusjonen at arbeidsmarknadstiltaka i liten grad ser ut til å ha påverka tilpassinga mellom norske regionar med omsyn til å utjamna ledighetsratene.

5. Oppsummering

I denne oversikten over effektar av arbeidsmarknadstiltak på regionale forskjellar i ledighetsrater, tok vi utgangspunkt i kva type mekanismer som ein tenkjer seg utjevning av regionale forskjellar verkar gjennom eller korleis regionale forskjellar i regionale ledighetsrater oppstår. Dermed kan ein analysa korleis arbeidsmarknadstiltak kan påverka regional tilpassing. Deretter etablerte vi nokre stiliserte fakta om kva som karakteriserer regionale forskjellar m.o.t. ledighetsrater dei siste ti-åra. Arbeidsmarknadstiltak vart også dokumentert sett i lys av regionale forskjellar.

Utifrå kva vi har etablert så langt er det klart at Norge er nokså lik Sverige og dei fleste andre Europeiske land at det er stabile forskjellar mellom ledighetsratene over tid. Samstundes er det også godt gjort at arbeidsmarknadstiltak har vore brukt aktivt i regionalpolitikken og retta inn mot fylker med relativt høg ledighet. Dette er berre korrelasjonar slik at vi ikkje kan trekka noko konklusjon om at tiltaka ikkje har hatt verknad med reduksjon av ledigheten mellom regionar. Likevel er det ein indikasjon i utifrå samanhengane vi har vist at det er lite endring i fordelinga av byrdene med ledighet over dei siste fire ti-åra. For å hevde noko om at tiltak eventuelt ikkje har verka må vi tolka resultatane innanføre ein modell og sjå på kva mekanismer som ein skulle venta kunne fordele ledigheten regionalt.

Gjennomgangen av den teoretiske modellen indikerte kva mekanismer som er viktige for å forstå regional utjamning og korleis arbeidsmarknadstiltak særleg kunne påverka desse mekanismene. Det regionale flyttemønsteret av arbeidskraft er viktig for å forstå kor rask tilpassinga skjer mellom regionale arbeidsmarknader. Regionale

lønsforskjeller og kor sensitive lønsendringar er med omsyn til regionale ledighetsrater er også viktig. Går lønene ned når ledigheten aukar, eller er dei lite sensitive. Korleis verkar den solidariske lønepolitikken? Ikkje minst er den regionale fordelinga av arbeidsplassar viktig; flytter bedrifter mellom regionar? Oppstår arbeidsplassar der lønene er låge? Korleis er det med nyetableringa av bedrifter regionalt? Arbeidsmarknadstiltak sin påverknad går primært gjennom å påverka løner og deretter kvantumseffektar som beslutningen om å flytta eller ei. Effekten på løner er teoretisk sett uviss i ein slik modell og retninga er eit empirisk spørsmål. I ein forhandlingsmodell får ein det resultatet at arbeidsmarknadstiltak fører til eit press oppover på løna sidan alternativet har gått opp. Men dersom den viktigaste effekten av arbeidsmarknadsprogrammet er å holda tilbodet av arbeidskrafta oppe, med andre ord redusera tilbaketrekkinga frå arbeidsmarknaden, fører dette til at det er eit lønepress nedover som skulle føra meir mobilitet. Vi prøvde deretter å dokumentera kva vei veit om desse mekanismene i Norge.

Nokre av desse mekanismene er veldokumenterte og andre i liten grad. For sensitiviteten av løner av endring i lokal ledighet er det foretatt mange studier og hovedresultatet er klart og går igjen i alle studier: Det er nesten ingen effekt på lønene av regionale forskjellar i ledighetsratene (Johansen, 1995, 2002). Med andre ord ser ei av dei viktigaste mekanismene som skulle verka til å utjamna mellom regionane slik at ein fekk ei jamvekt for heile landet med låg ledighet, til å vera sett ut av spel. Den lokale lønsdanning ser dermed ut til å ha liten effekt. Det var også gjennom lønsmekanismen arbeidsmarknadstiltak primært kunne verka. Hovedresultata både for Sverige og det vesle som finst direkte om dette i Norge viser også at arbeidsmarknadstiltak verken har positiv eller negativ effekt på den regionale lønssetjinga.

Det kan jo vera andre grunnar til at folk flyttar enn løneforskjellar, og det eksisterer ein del studier på folks regionale flyttestraumar. Det norske samfunnet er svært mobilt også regionalt og er det landet i Europa som ligg på flyttetoppen i Europa. Dette mønsteret gjeld både flytting mellom kommunar og mellom fylker. Likevel viser studier at det er primært flytting av personar som er i jobb i ein region og som går direkte inn i jobb i ein annan region. Ledige og personar utanom arbeidsstyrken flytter i mykje midnre grad. Nå er det gjort mindre arbeid på dette feltet slik at ein nok har meir usikker kunnskap her enn ein hadde med den regionale sensitiviteten til lønene.

Den siste mekansimen vi såg på var reallokering av arbeidsplassar mellom regionar og spesielt på om prosessen som går gjennom etablering og nedlegging av bedrifter regionalt. Nå er det gjort lite akkurat på koplinga region og reallokering av arbeidsplassar og vi nytta primært talmateriale frå ein studie vi har gjort sjølv (Kvitastein og Salvanes, 1996). Våre tal viste at det er lite reallokering av arbeidsplassar regionalt og at forskjellar i regionale ledighetsrater så ut til å bety svært lite. Nå var dette på eit aggregert nivå med alle typar arbeidsplassar innanføre tenestyting, og vi såg også på aggregert tal over eit ti-åra. Mykje kan skjula seg her sjølvsagt, og særleg sidan vi veit at mønsteret for reallokering av arbeidsplassar er svært ulikt for ulike typar arbeidskraft og har eit mønsteret som avheng sterkt av konjunkturen. Vi har i grunnen gjort lite ut av dynamikken eller tidssamanhengane, og berre tatt gjennomsnitt. Ei grundigare studie ville krevd at ein gjorde denne typen analyse meir detaljert for å sikra at ein ikkje oversåg moglege samahengar som blir borte med den relativt aggregerte analysen vi har gjort basert på foreliggende materiale som her.

Litteratur.

Bertola, G. and Ichino, A. (1995). "Wage inequality and unemployment: US vs Europe", CEPR working paper No. 1186.

Blanchard, O.J. and Katz, L.F. (1992). "Regional Evolutions", *Brookings Papers on Economic Activity*, 1, 1-61.

Edin, P-A, Holmlund, B. and Østros, T. (1994). "Wage behaviour and labour market programmes in Sweden: Evidence from micro data", in Tachibanaki (ed.), *Labour Market and Economic Performance: Europe, Japan and the USA*, McMillan Press, London.

Fredriksson, P. (1999). "The dynamics of regional labor markets and active labor market policy: Swedish evidence", *Oxford Economic Papers* 51, 623-48.

Salvanes, K. G. and Førre, S.E. (2003) "[Employment Effects of Trade and Technical Change: Evidence from Norway](#)" *Economica* May 2003.

Salvanes, K. G. og Kvitastein, O. (1996) «Jobbskaping in norsk privat tenesteyting 1977-93. (med O. Kvitastein), vedlegg til småbedriftsutvalget, 1996.

Salvanes, K. G. og Tveterås, R. «Job turnover in Norwegian Manufacturing 1977-86.», Rapport SNF.